



Eid Kommune

# Forventingar til planlegginga



## Planstrategi for Eid kommune 2016-2020 – Vedlegg 2

Vedteke av Eid kommunestyre, 6. oktober 2016, KS-sak 135/16

Saks nr: 16/20169

Dato: 11.10.2016

Versjon: 1



## Innhold

1 Innleiing .....	2
2 Nasjonale forventingar til kommunal planlegging .....	2
2.1 Gode og effektive planprosessar .....	2
2.2 Berekraftig areal- og samfunnsutvikling .....	3
2.3 Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde .....	4
3 Regionale forventingar til kommunal planlegging .....	5
3.1 Regional planstrategi.....	5
3.2 Forventingar om plan som føresetnad for regionale støtteordningar.....	6
4 Lokale forventingar til kommunal planlegging .....	6
4.1 Å bu i Eid.....	6
4.2 Å vekse opp i Eid.....	8
4.3 Å ha sitt helse- og omsorgstilbod i Eid .....	9
4.4 Å arbeide eller drive næring i Eid .....	10
4.5 Å tilbringe aktiv fritid i Eid .....	12
4.6 Eid kommune som organisasjon.....	14
5 Innspel til planstrategiarbeidet .....	15
5.1 Innspel frå kommunale råd .....	15
5.2 Innspel frå bygde-/utviklingslag .....	18
5.3 Innspel frå andre lokale aktørar .....	21
5.4 Innspel frå offentlege organ .....	22
5.5 Interne innspel .....	23

## 1 Innleiing

Det er mange aktørar som har forventingar til samfunnsutviklinga og dermed kva kommunen skal planlegge. I dette dokumentet er det gjort greie for ulike forventingar til planlegging i Eid kommune. Element som er viktige for planbehovet er diskutert nærare under kapittel 2 i sjølve planstrategien.

For å fremje ei berekraftig utvikling skal Regjeringa kvart fjerde år utarbeide nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei nasjonale forventningane skal vere retningsgjevande for fylkeskommunen og kommunane sitt arbeid med den kommunale planstrategien. I dette dokumentet er det i kapittel 2 gjort greie for korleis Eid kommune følgjer eller vil følgje opp dei nasjonale forventningane.

Regionalt nivå har også forventingar til kommunen sine planar. Dette kjem til uttrykk gjennom regional planstrategi og regionale planar. For å få ei heilskapleg oversikt over kva som er forventa av planarbeid i kommunen, så gjer vi i kapittel 3 greie for dei regionale forventningane.

I tillegg til nasjonale- og regionale forventningar, set også Eid kommune forventningar til seg sjølv og til samarbeidande aktørar gjennom vedtekne planar og einskilde kommunestyrevedtak. I samfunnsdelen til Eid kommune legg ein særleg vekt på tverrfaglege strategiar som har positiv verknad på berekraftig utvikling, folkehelse, kultur og strategiar som må følgjast opp i arealplanlegginga fordi dei har arealkonsekvensar. I kapitel 4 er kommunestyret sine forventingar samla på ein stad og det er gjort greie for korleis desse er teke i vare i planstrategien.



I samband med planstrategiarbeidet har det kome inn innspel frå dei kommunale råda, frå bygde- og utviklingslag, frå interesseorganisasjonar og andre offentlege organ. Dette er forventningar til Eid kommune i planstrategiarbeidet. Samandrag av desse innspela er å finne i kapittel 5.

## 2 Nasjonale forventingar til kommunal planlegging

Dei nasjonale forventningane til kommunen sitt planarbeid kan delast inn i tre hovudtema; forventingar til **(1)** gode og effektive planprosessar, **(2)** berekraftig areal- og samfunnsutvikling og **(3)** attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde. Under er det gjort greie for desse forventningane og korleis Eid kommune møter desse forventningane gjennom sitt planarbeid.

### 2.1 Gode og effektive planprosessar

Regjeringa legg i dag vekt på raske prosessar for planlegging av bustad, næring og samferdsel, styrking av det lokale sjølvstyret, forenklingar i plan- og bygningslova og auka bruk av IKT.

Regjeringa forventar at kommunane:	Korleis kommunen møter desse forventningane:
Baserer planforslag og avgjerder på eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag.	Plan- og bygningslova sine utgreiingskrav vert følgd i plansakene.
Sikrar nasjonale og viktige regionale interesser.	Plansaker vert sendt på høyring til statlege og regionale instansar. Uttaler vert følgd opp i plansakene.
Sikrar tidleg medverknad og involvering av publikum, relevante styresmakter, partar og interesseorganisasjonar.	Plan- og bygningslova sine krav til medverknad i planprosessane vert følgd.
Aktivt nyttar regionalt planforum.	Regionalt planforum vert nytta i større arealplansaker.
Tek i bruk moglegheitene som ligg i plan- og bygningslova	Eid kommune nyttar reglane om mindre endring av

for prioriteringar og forenklingar.	reguleringsplan der det er høve til det.
Oppdaterer overordna planar.	Behovet vert vurdert ved kvar planstrategi.
Unngår fleire plannivå enn nødvendig.	Delegeringsreglementet og plan- og bygningslova vert følgd. Eid kommune nyttar i hovudsak kommuneplan og detaljreguleringsplan i arealplanlegginga.
Sørgjer for tenleg detaljering.	Føresegnene i kommuneplanen sin arealdel er detaljerte for å unngå ytterlegare plankrav i kurante saker. Utover dette vert det ved regulering i hovudsak nytta detaljregulering.
Tek i bruk moglegheitene for parallell plan- og byggjesaksbehandling.	Ja, der søkjar/forslagsstillar ynskjer dette.
Sikrar effektiv behandling av private planforslag og bidreg til god plankvalitet ved å gi tidlege, tydelege og relevante krav til utgreiingar og dokumentasjon.	Rutinar og malar for private reguleringsplanar er utarbeidde og samla informasjon om vidare planprosess vert gjeve under førehandskonferansen.
Sikrar enkel tilgang til digitale plandata gjennom bruk av digitalt planregister.	Digitalt planregister er etablert og tilgjengeleg på heimesida til Eid kommune.
Tek i bruk verktøy for digital plandialog og plan- og byggjesaksbehandling.	Potensialet for digital plan- og byggesaksbehandling er ikkje fullt utnytta. Oppdatert sakshandsamingsssystem vart tatt i bruk hausten 2016. Det ligg dermed til rette for plandialog i reguleringsplanprosessar.

## 2.2 Berekraftig areal- og samfunnsutvikling

Regjeringa legg vekt på å hindre alvorlege klimaendringar og tilpasse samfunnet til effekten av dei klimaendringane som alt skjer. Kommunen har ein sentral rolle som utviklingsaktør og planmynde i arbeidet for eit trygt, vekstkraftig og miljø- og klimavennleg samfunn.

Regjeringa forventar at kommunane:	Korleis kommunen møter desse forventningane:
Legg vekt på reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering gjennom planlegging og lokalisering av næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester.	Eid kommune har som målsetting at nye bustadområde skal etablerast i område nær skule og aller helst med tilknytning til gang- og sykkelveg til barneskule. Det vert i arealplan planlagt for gjennomgåande gang- og sykkelveg og Eid kommune ynskjer å bli sykkelby. Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging vert følgd i plansakene.
Tek omsyn til klimaendringar og risiko og sårbarheit i samfunns- og arealplanlegginga og byggjesaksbehandlinga.	I planarbeidet vert det stilt krav om at det vert teke høgde for klimaendringar ved risiko- og sårbarheitsanalyser og at planane vert tilpassa klimaendringar. Oppdatert arealplan med omsynssonekart, forenkler oppfølging i byggesak.
Sikrar at det blir utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyser for utbyggingsplanar, som gir eit godt kunnskapsgrunnlag for å førebyggje og redusere aktuelle risiko- og sårbarheitsforhold.	Plan- og bygningslova sine krav om risiko- og sårbarheitsanalyser vert følgd i plansakene.
Tek særleg omsyn til naturfarar og eksisterande og framtidige klimaendringar.	Plan- og bygningslova sine krav om risiko- og sårbarheitsanalyser vert følgd i plansakene. I desse vert det teke høgde for klimaendringar.
Identifiserer viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og tek omsyn til desse i regionale og kommunale planar.	Eksisterande kunnskap om desse verdiane vert teke med som kunnskapsgrunnlag i dei plansakene det er relevant. Utover dette vert plan- og bygningslova sine utgreiingskrav følgd i plansakene.
Tek tilgjengeleg kunnskap aktivt i bruk, og at ein trekkjer fram og tek omsyn til samla verknadar.	Databaser for klima, miljø, natur- og verneverdiar vert nytta i plansaker. Utgreiingskrav vert følgd opp.
Samarbeider om planlegging for verdiskaping, berekraftig næringsutvikling og innovasjon i partnerskap med næringslivet og regionale og lokale aktørar.	Utover kommuneplanen sin samfunnsdel har ikkje Eid kommune ein overordna plan som dekkjer tema som verdiskaping, berekraftig næringsutvikling og innovasjon.

	Eid kommune deltek i interkommunalt næringsutviklingsamarbeid, Nordfjord Vekst. Eid kommune eig også selskapet VAKN AS og Eid industrihus KF. Eid kommune deltek i Nordfjord Vekst, VAKN og Eid industrihus sine utarbeidingar av eigne strategiplanar.
Set av nok areal til næringsutvikling som bidreg til behova i næringslivet, og som er lokaliserte utifrå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.	Slikt næringsareal er avsett i kommuneplanen sin arealdel.
Sikrar viktige jordbruksområde og legg til rette for nye og grønne næringar som er knytte til jordbruk og skogbruk. Døme kan vere grønt reiseliv, mat med lokal identitet og utnytting av bioenergi.	Landbruk-, natur- og friluftsområde er avsett i kommuneplanen sin arealdel. Utover kommuneplanen sin samfunnsdel har ikkje Eid kommune ein overordna plan som dekker tema som nye og grønne næringar knytt til jordbruk og skogbruk.
Sikrar nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsonenplanlegginga og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Arealbehovet blir sett i eit regionalt perspektiv.	Slikt næringsareal er avsett i kommuneplanen sin arealdel. Omsynet til nasjonal laksefjord gjev elles føringar.
Sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samanheng.	Areal til råstoffutvinning er avsett i kommuneplanen sin arealdel.
Tek omsyn til arealbehovet til Forsvaret i høve til nasjonale forsvarsplanar og når dette er nødvendig for å sikre forsvarsevna til landet.	Forsvaret sine areal er avsett til dette formålet i kommuneplanen sin arealdel.

## 2.3 Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde

Regjeringa legg vekt på å skape velfungerande byar og tettstadar for næringsliv og innbyggjar.

Regjeringa forventar at kommunane:	Korleis kommunen møter desse forventningane:
Fastset regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekka i transportsystemet, medrekna knutepunkt for kollektivtrafikken.	Eid kommune nyttar dei statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging ved planlegging.
Gjennom planlegginga trekkjer langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde.	Eigne grenseliner er ikkje sett, men plan for kjerneområde landbruk er utarbeidd. Landbruk-, natur- og friluftsområde og utbyggingsområde er avsett i kommuneplanen sin arealdel.
Legg vedtekne planar til grunn for eigne vedtak.	Eid kommune har som målsetting å arbeide planmessig og langsiktig. Dispensasjon vert likevel gjeve der vilkåra for dette er oppfylte.
Gjennom planlegginga legg til rette for nok og variert bustadbygging, lokalisert ut frå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.	Eid kommune har i større grad enn tidlegare planlagt for konsentrert utbygging også i byggefelta i krinsane. I nye reguleringsplanar for bustad vert det opna for oppføring av to bueiningar per bustadtomt i områda for frittliggande bustad.
Sikrar høg arealutnytting rundt kollektivknutepunkt.	Arealdelen set krav om høg utnytting i konsentrerte utbyggingsområde.
Legg til rette for auka bruk av sykkel og gange i dagleglivet og sikrar samanhengande gang- og sykkelsamband av høg kvalitet.	Eid kommune har som målsetting å bli sykkelby. Målsettinga er enno ikkje nådd. I kommuneplanen sin arealdel er det lagt inn trasear for framtidige gang- og sykkelveggar.
Utnyttar potensialet for fortetting og transformasjon før ein tek i bruk nye utbyggingsområde.	Potensiale for fortetting og transformasjon er i større grad enn før ivareteke gjennom ny arealdel. Prinsippet om fortetting og transformasjon må elles sterkare inn i

	arealplanlegginga.
Bidreg aktivt i arbeidet med konseptvalutgreiingar og statlege planar for store samferdselstiltak.	Eid kommune er ein aktiv uttalepart.
Legg til rette for effektive prosessar og rask behandling av kommunedelplanar og reguleringsplanar for samferdselstiltak.	Eid kommune følg lovbestemte krav til saksbehandling i plan- og bygningslova.
Bidreg i samarbeid med statlege fagstyresmakter til at godsterminalar og hamner blir prioriterte i planlegginga, og at desse blir utvikla som effektive logistikknutepunkt.	Eid kommune deltek i Nordfjord Hamn IKS og samhandlar med statleg mynde ved nye tiltak ved godsterminalen.
Har ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitikk for å skape eit godt og levande bymiljø.	Eid kommune har reguleringsplanar for Nordfjordeid sentrum og har fått utført sentrumsanalyse. Tiltaksplan for oppfølging av sentrumsanalysen er utarbeidd.
Legg til rette for etablering av bustader, arbeidsplassar, handel, service og sosiale møteplassar i sentrum.	Eid kommune har reguleringsplanar med disponibelt areal for utbygging til alle desse formåla for Nordfjordeid sentrum.
Bør leggje vekt på å få til eit forpliktande samarbeid mellom kommunen og det private næringslivet.	Eid kommune samarbeider med næringslivet gjennom Nordfjord Vekst. Ytterlegare samarbeid bør likevel vurderast. Utover kommuneplanen sin samfunnsdel har ikkje Eid kommune ein overordna plan som dekkjer tema som samarbeid mellom kommunen og privat næringsliv.
Tek arkitektur, kulturminne, landskapsverdiar, vatn og grønne element aktivt i bruk som ressursar i sentrumsutviklinga.	Parkområde på Nordøyane, Sagaparken, Sagaløypa er eksempel på nyleg gjennomførte tiltak.
Sikrar trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining.	Ved planlegging vert plan- og bygningslova sine utgreiingskrav følgde. Omsyn som må spesielt ivareta for å sikre trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø vert følgt opp i plansakene.
Tek vare på naturverdiane.	Ved planlegging vert plan- og bygningslova sine utgreiingskrav følgde. Der naturverdiar fører til behov for spesielle omsyn vert dette følgt opp i plansakene.
Legg til rette for fysisk aktivitet og trivsel for heile folket ved å sikre samanhengande grønne strukturar, opne vassvegar og nær tilgang til område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv.	I Eid kommune finn ein mange stadar som er godt eigna til leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv. Kommunen står for opparbeiding av ein del område, elles er det lag- og organisasjonar og liknande som er initiativtakarar. Dette er omsyn som vert sikra og følgt opp i plansakene.
Legg prinsippa om tilgjenge og universell utforming til grunn i planlegging av omgivnader og bygningar.	Eid kommune føreset at krava i Byggeteknisk forskrift vert følgde i alle prosjekt. Omsyn til universell utforming vert sikra og følgt opp i plansaker.

### 3 Regionale forventingar til kommunal planlegging

#### 3.1 Regional planstrategi

Fylkeskommunen skal minst ein gong i kvar valperiode utarbeide ein regional planstrategi. Planstrategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere langsiktige og moglege utviklingsretningar og utviklingsmål for fylket.

Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016-2020 vart vedteken av fylkestinget 14. juni 2016. Sogn og Fjordane fylkeskommune har definert dei overordna utfordringane i fylket slik:

1. Globalisering og sentralisering
2. Migrasjon og inkludering

3. Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
4. Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet
5. Klimaendringane

Eid kommune vil følgje opp desse utfordringane i sitt arbeid med planstrategi, særleg i dokumentet *kunnskapsgrunnlag og utfordringar i Eid kommune*, der desse temaa vert teke med i drøftingane.

Kommunen følgjer opp regionale planar og føringar i dei kommunale planane. Dette vert løyst gjennom dei konkrete planprosessane.

### 3.2 Forventingar om plan som føresetnad for regionale støtteordningar

Både nasjonale og regionale myndigheiter nyttar støtteordningar for å få kommunane til å satse på planlegging og utvikling innanfor prioriterte område. Det er som regel regionale organ som administrerer desse støtteordningane. For enkelte støtteordningar er ein kommunal plan eller tiltaksstrategi lagt inn som føresetnad for å kunne få tildelt tilskot.

Når vi i planstrategien skal vurdere planbehovet dei neste fire åra, må vi ta omsyn til dette momentet. Døme på slike støtteordningar er trafikktryggingstiltak i kommunane og tildeling av spelemidlar.

## 4 Lokale forventingar til kommunal planlegging

Gjennom vedtekne planar og kommunestyrevedtak har Eid kommune sett forventingar til seg sjølv med tanke på vidare planlegging og utvikling av samfunnet i samarbeid med andre aktørar.

For å oppnå ønskt samfunnsutvikling må kommunen ha eit bevisst forhold til utvikling av tenester, forvaltning og anna samfunnsutvikling gjennom planar som rettar seg mot ulike tema. Dette må vidare følgjast opp i arealplanlegging, der utviklinga føreset tilgjenge på areal.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er utviklinga av samfunnet og organisasjonen knytt til å bu i Eid, å vekse opp i Eid, å ha sitt helse- og omsorgstilbod i Eid, å drive næring i Eid og å tilbringe aktiv fritid i Eid. Dette kan skisserast slik:



Under er det gjort greie for lokale forventingar til samfunnsutviklinga etter denne inndelinga.

### 4.1 Å bu i Eid

Eid inviterer til å bu midt i Nordfjord. I kommuneplanen sin samfunnsdel er det sett følgjande mål for utvikling av Eid som ein stad å bu:

**MÅL:** Innbyggjarane i Eid skal ynskje å bli buande og innflyttarane skal kjenne seg velkomne.

Folketalet i Eid skal auke med 15% til 2025.

I tabellen under er det lista opp strategiar i samfunnsdelen som må følgjast opp gjennom meir utdjupande planar for teneste, tema eller areal for å oppnå den ynskta samfunnsutviklinga og kva planar og strategiar som utdjupar og følgjer opp desse måla og strategiane i dag.

Strategi frå samfunnsdelen	Planar som skal utdjupe og følgje opp desse måla og strategiane
1.1. Påverke utbygging av infrastruktur i regionen gjennom samarbeid med næringsliv og andre kommunar	Kommunedelplan for ferjefrikryssing Lote-Anda
1.2. Sikre god tilgang på gjennomgangsbustadar i sentrum	Bustadsosial handlingsplan og reguleringsplanar
1.3. Sikre tilgang på ledige tomter i alle krinsane	Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
1.4. Auke bruken av miljøvenlege og energieffektive løysingar i kommunal verksemd	Kommunedelplan for energi og klima og ENØK-plan for Eid kommune
1.5. Utvikle aktivitet og trivsel gjennom samarbeid med frivillige lag og organisasjonar	Tiltaksplan for gjennomføring av sentrumsanalysen, kommunedelplan for oppvekst og kommunedelplan for helse og omsorgstenestene
1.6. Arbeide med inkludering av innflyttarar og innvandrarar	Kommunedelplan for oppvekst og plan for mottak av flyktingar i Eid kommune
1.7. Syte for variasjon i bustadmarknaden	Kommuneplanen sin arealdel, reguleringsplanar og bustadsosial handlingsplan
1.8. Planlegge areal for ny spreidd bustadbygging i landbruks-, natur-, og friluftsområde i tilknytning til anna busetnad og infrastruktur	Kommuneplanen sin arealdel
1.9. Nytte utbyggingsavtalar som verkemiddel i bustadpolitikken	Reguleringsplanar
1.10. Syte for oppdatert og lett tilgjengeleg kommunalt planverk	Planstrategien
1.11. Planlegge fortetta utnytting av areal i sentrum	Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
1.12. Ta vare på det kulturhistoriske særpreget i Eidsgata og Tverrgata	Kommunedelplan for kulturminne og reguleringsplanar
1.13. Ta omsyn til klimautfordringar ved bustadbygging	Kommunedelplan for energi og klima, ENØK-plan for Eid kommune, kommunedelplan – hovudplan for avløp, kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
1.14. Tilby kommunale bustadtomter for sal når behovet ikkje vert stetta av private aktørar	Reguleringsplanar
1.15. Syte for optimal infrastruktur i nye kommunale bustadfelt	Reguleringsplanar
1.16. Syte for at 80 % av kommunale utleigebustader er i kommunalt eige	Bustadsosial handlingsplan
1.17. Samle og samordne forvaltninga av kommunale utleigebustader	Bustadsosial handlingsplan
1.18. Syte for trygge og funksjonelle kommunale vegar	Kommunedelplan for veg og trafikktrygging

I tillegg har formannskapet eller kommunestyret fatta enkeltvedtak om prioriterte satsingsområde som dei meiner er viktige å følgje opp for å oppnå ynskt samfunnsutvikling:



- Eid kommune har søkt om tilskot frå Klimasats til **Kommunal sykkelstrategi**, jf. vedtak i kommunestyret 22. juni 2016, KS-vedtak 074/16. Miljødirektoratet vil gi eit svar på søknaden i september.
- *"Eid kommune ser det som viktig å få starta opp planprosessen for **gang- og sykkelveg langs Rv15 på Stårheim** snarast råd, i første omgang strekninga Indre Røed- Stårheim sentrum. Adminstrasjonen får i oppgåve å utgreie nærare kva planprosessar som då må setjast i verk, med mål om å innarbeide planprosessen i ny planstrategi for Eid kommune for kommunestyreperioden 2016-19."* Jf. vedtak i formannskapet 3. september 2015, F-vedtak 144/15. Dette var eit prinsippvedtak som bygde på Eid kommunestyre sitt KS-vedtak 066/15 i møte 4. juni 2015 om innspel til "Riksvegutredningen 2015", publisert av Statens Vegvesen i mars 2015 som del av arbeidet med ny Nasjonal Transportplan, der delar av vedteken uttale lyder slik: "Bygging av gang- og sykkelveg langs RV15 bør etter Eid kommune sitt syn prioriterast slik:
  1. Stårheim (frå Indre Røed til Høyenes - er skuleveg for mange born)
  2. Nordfjordeid-Haugen
  3. Ervik (mot vest frå noverande gs-veg)"
- *"Kommunestyret syner til innspel frå Haugen og Dalen Bygdeutviklingslag. Kommunestyret ber Rådmannen innarbeide i framlegget til planstrategi ei sak om ei avgrensa rullering av kommuneplanen sin arealdel for areal til bustadformål sentralt i Haugen krins (gangavstand til skulen)." Jf. vedtak i Eid kommunestyre 1. september 2016, KS-sak 117/16.*

Basert på oversikta ovanfor kan vi sjå at det er behov for nye planar for å få ei målretta satsing innanfor følgjande område:

- Ein plan som dekker tema som **utvikling og samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og inkludering av innflyttarar og innvandrarar**.
- For å ta omsyn til klimautfordringar ved bustadbygging er det behov for å ha ein plan som dekker tema som kommunen si **handtering av overvatn**, også ved utarbeiding av private reguleringsplanar.
- Ein kommunal **sykkelstrategi**.
- Ein ny **reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs Rv15 på Stårheim**.
- Avgrensa rullering av kommuneplanen sin arealdel for **areal til bustadformål sentralt i Haugen krins** (gangavstand til skulen).

## 4.2 Å vekse opp i Eid

Eid inviterer til oppvekst i trygge og utviklande omgjevnader. I kommuneplanen sin samfunnsdel er det sett følgjande mål for utvikling av Eid som ein stad å vekse opp:

**MÅL:** Barn og unge i Eid skal få nytte og utvikle evnene sine i ein trygg oppvekst med rom for alle. Barn og unge i Eid skal bli sjølvstendige menneske med god fysisk og psykisk helse. Eid kommune skal hjelpe barn og unge til å meistre viktige utviklingsoppgåver, både fysisk, sosialt og kognitivt.

I tabellen under er det lista opp strategiar i samfunnsdelen som må følgjast opp gjennom meir utdjupande planar for teneste, tema eller areal for å oppnå den ynskta samfunnsutviklinga og kva planar og strategiar som utdjupar og følgjer opp desse måla og strategiane i dag.

Strategi frå samfunnsdelen	Planar som skal utdjupe og følgje opp desse måla og strategiane
2.1. Gje alle barn ein trygg og tilpassa oppvekst i eit inkluderande fellesskap	Kommunedelplan for oppvekst, spesialpedagogisk plan
2.2. Samarbeide med frivillige lag og organisasjonar, med hovudfokus på barne- og ungdomsaktivitetar	Kommunedelplan for oppvekst
2.3. Sikre at barn og unge i størst mogeleg grad kan gå eller sykle til skulen gjennom å påverke utbygginga av trygge skuleveggar	Kommunedelplan for veg og trafikktrygging, kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
2.4. Stimulere til anleggsutvikling som skaper fysisk aktivitet, med fokus på anlegg i nærleiken av skulane og bustadområde	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, kommunedelplan for oppvekst, kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
2.5. Planlegge kontakt mellom naturområde og barnehage og skule	Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
2.6. Planlegge gang- og sykkelveggar frå bustadområde til skule	Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
2.7. Sikre areal for eventuelle endringar i barnehage- og skulestruktur	Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
2.8. Tilby skulefritidsordning ved alle skular	Kommunedelplan for oppvekst
2.9. Ha eit breiddetilbod i kulturskulen gjennom til dømes korps, kor, bildekunst og dans	Kommunedelplan for oppvekst
2.10. Ha eit spesialisert tilbod i kulturskulen med ein til ein og smågruppeundervisning	Kommunedelplan for oppvekst
2.11. Aktivt bruke friluftsområde i nærleiken av barnehagar og skular	Kommunedelplan for oppvekst
2.12. Syte for at alle barn og unge har ein oppvekst og ei opplæring saman med andre	Kommunedelplan for oppvekst
2.13. Hjelpe flest mogeleg barn og unge som treng ekstra tilrettelegging gjennom å integrere samarbeidet mellom dei ulike tenestene	Kommunedelplan for oppvekst
2.14. Legge særleg vekt på basisfaga norsk, matematikk og engelsk	Kommunedelplan for oppvekst
2.15. Ha eit tett samarbeid mellom skule, kultur og næringsliv	Kommunedelplan for oppvekst

### 4.3 Å ha sitt helse- og omsorgstilbod i Eid

Eid inviterer til førebyggjande aktivitetar og andre helse- og omsorgstilbod. I kommuneplanen sin samfunnsdel er det sett følgjande mål for utvikling av Eid som ein stad å ha sitt helse- og omsorgstilbod:

**MÅL:** Innbyggerane skal oppleve livsmeistring og livskvalitet, og i størst mogeleg grad vere aktive, ta ansvar sjøve og kunne meistre vanskelege livssituasjonar.

I tabellen under er det lista opp strategiar i samfunnsdelen som må følgjast opp gjennom meir utdjupande planar for teneste, tema eller areal for å oppnå den ynskta samfunnsutviklinga og kva planar og strategiar som utdjupar og følgjer opp desse måla og strategiane i dag.

Strategi frå samfunnsdelen	Planar som skal utdjupe og følgje opp desse måla og strategiane
3.1. Skape variasjon som eit alternativ eller supplement til kommunale helse- og omsorgstenester gjennom forpliktande samarbeid med arbeidsmarknadsverksemder, næringsliv og frivillige organisasjonar	Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene
3.2. Skape gode helsetilbod til innbyggarane gjennom samarbeid med kommunane i Nordfjord og spesialisthelsetenesta	Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene
3.3. Sikre brukarane sin medråderett	Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene og kommunedelplan for oppvekst
3.4. Sikre tverrfaglege vurderingar av brukaren sitt tenestetilbod	Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene og kommunedelplan for oppvekst
3.5. Planlegge lokalisering av heildøgn-omsorgstenester sentralt i kommunen	Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene, kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
3.6. Formidle oppdatert og relevant informasjon som kan verke førebyggjande for innbyggarane si psykiske og fysiske helse	Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene og kommunedelplan for oppvekst
3.7. Motivere innbyggarane til å ta ansvar for eiga helse	Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene og kommunedelplan for oppvekst
3.8. Tenesteprinsipp: Hjelp til sjølvhjelp	Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene og kommunedelplan for oppvekst
3.9. Prioritere tidleg innsats med tverrfagleg koordinering for å unngå at brukarane sine problem vert større over tid	Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene og kommunedelplan for oppvekst
3.10. Bidra med eit tenestetilbod som lar innbyggarane få bli i eigen heim så lenge som råd mellom anna ved bruk av omsorgsteknologi	Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene
3.11. Nytte individuelle kartleggingar av behov i heimen i aldersgruppene over 75 år, for å legge til rette slik at innbyggarane får bli i eigen heim så lenge som råd	Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene
3.12. Samordne aktivitetstilbodet for fleire brukar-grupper som er utanfor det ordinære arbeidslivet	Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene
3.13. Ta i bruk kulturaktivitetar som eit verkemiddel for å skape betre livskvalitet	Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene og kommunedelplan for oppvekst
3.14. Ha eit spesielt fokus på barn og unge i førebyggjande arbeid	Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene og kommunedelplan for oppvekst

#### 4.4 Å arbeide eller drive næring i Eid

Eid inviterer til innovativt næringsliv og stor arbeidsmarknadsregion. I kommuneplanen sin samfunnsdel er det sett følgjande mål for utvikling av Eid som ein stad å arbeide eller drive næring:

**MÅL:** Næringsdrivande skal oppleve at det er lett å utvikle og etablere verksemder i Eid. Kultur som næring skal vere ei merkevare for Eid, og vi skal ha ei sentrum-sutvikling som styrkar Eid sin attraktivitet i regionen.

Eid skal ha 400 fleire arbeidsplassar innan 2025.

I tabellen under er det lista opp strategiar i samfunnsdelen som må følgjast opp gjennom meir utdjupande planar for teneste, tema eller areal for å oppnå den ynskta samfunnsutviklinga og kva planar og strategiar som utdjuvar og følgjer opp desse måla og strategiane i dag.

<b>Strategi frå samfunnsdelen</b>	<b>Planar som skal utdjupe og følgje opp desse måla og strategiane</b>
<b>4.1.</b> Bidra til næringsutvikling og utvikling av Nordfjord som bu- og arbeidsmarknadsregion gjennom interkommunalt samarbeid	Kommunedelplan for ferjefrikryssing Lote-Anda
<b>4.2.</b> Bidra til utvikling der Nordfjordeid fyller dei forventa sentrumsfunksjonane	Tiltaksplan for gjennomføring av sentrumsanalysen, kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
<b>4.3.</b> Støtte opp om gründerar og nye etablerarar	
<b>4.4.</b> Delta i fellesarenaer for næringsutvikling	
<b>4.5.</b> Arbeide for å få fleire statlege arbeidsplassar i Nordfjord	
<b>4.6.</b> Sikre framtidig rekruttering til næringslivet gjennom å delta i samarbeid mellom næringsliv og skule	Kommunedelplan for oppvekst
<b>4.7.</b> Arbeide for gode pendlingsforhold inn og ut av kommunen, med fokus på bru Lote-Anda	Kommunedelplan for ferjefrikryssing Lote-Anda
<b>4.8.</b> Styrke Eid som energisenter	Kommunedelplan for energi og klima
<b>4.9.</b> Styrke Eid som regionalt senter for Helsetenester	Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene
<b>4.10.</b> Styrke Eid som kulturnæringscenter i regionen	
<b>4.11.</b> Samarbeide med utdanningsinstitusjonar om desentralisert utdanningstilbod	
<b>4.12.</b> Utvikle besøksnæringsane gjennom å utnytte Eid si sentrale plassering	
<b>4.13.</b> Arbeide for at forretningane i Eidsgata har ei god tilknytning til Sjøgata	Reguleringsplanar
<b>4.14.</b> Sikre næringsareal i tilknytning til hovudferdselsårer	Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
<b>4.15.</b> Støtte opp om utvikling av Harpefossen skisenter/hyttegend	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet og kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
<b>4.16.</b> Eid skal vere eit handelssenter	Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
<b>4.17.</b> Styrke merkevara Eid Inviterer	Informasjons- og kommunikasjonsstrategi
<b>4.18.</b> Ivareta Eidsgata i høve til både kulturminne og handel	Kommunedelplan for kulturminne, kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
<b>4.19.</b> Ha fokus på kortreist handel	Kommunedelplan for energi og klima
<b>4.20.</b> I størst mogeleg grad lokalisere nytt næringsareal i tilknytning til eksisterande næringsareal, infrastruktur og hovudferdselsårer	Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
<b>4.21.</b> Lokalisere detaljhandelen med tyngdepunkt i Eidsgata og Sjøgata	Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
<b>4.22.</b> Knyte saman Eidsgata og Sjøgata ved å sikre korridorar og kommunikasjon mellom gatene gjennom planlegging	Reguleringsplanar
<b>4.23.</b> Ta omsyn til landbruksnæringsane gjennom å sikre lettdrivne, større og samanhengande landbruksareal i arealforvaltninga	Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
<b>4.24.</b> Ha eit interkommunalt apparat for næringsrådgjeving og gründeroppfølging	
<b>4.25.</b> Ha tett kontakt med næringslivet	
<b>4.26.</b> Tilby barnehageplassar for tilflyttarar som ville hatt lovbestemt rett om dei var innbyggjarar	Kommunedelplan for oppvekst
<b>4.27.</b> Legge til rette for integrering av arbeidsinnvandrarar	Kommunedelplan for oppvekst og strategiplan for minoritetsspråklege
<b>4.28.</b> Tilby næringsareal og lokale til etablerarar gjennom Eid industrihus	
<b>4.29.</b> Ta omsyn til skognæringsane gjennom å sikre naudsynt kvalitet på kommunale vegar i samsvar med hovudplanen for	Kommunedelplan for veg og trafikktrygging

I tillegg har kommunestyret fatta enkeltvedtak om prioriterte satsingsområde som dei meiner er viktige å følgje opp for å oppnå ynskt samfunnsutvikling:

- I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg det inne for 2016 at det skal utarbeidast ein **strategi for å få fleire statlege arbeidsplassar**, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2015, KS-sak 182/15.
- I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg utarbeiding av **interkommunal næringsplan** inne som eit tiltak etter 2019, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2015, KS-sak 182/15.
- I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg utarbeiding av **plan for entreprenørskap** inne som eit tiltak etter 2019, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2015, KS-sak 182/15.

Basert på oversikta ovanfor kan vi sjå at det er behov for nye planar for å få ei målretta satsing innanfor følgjande område:

- Ein plan som omhandlar tema som **støtte opp om gründerar og nye etablerarar, delta i fellesarenaer** for næringsutvikling, arbeide for **statlege arbeidsplassar** i Nordfjord, **samarbeid** mellom næringsliv og skule for framtidig **rekruttering**, styrking av Eid som **handelscenter, energisenter** og som **helsesenter** i regionen, samarbeide med utdanningsinstitusjonar om **desentralisert utdanningstilbod, utvikle besøksnæringane**, støtte opp om **utvikling av Harpefossen skisenter/hyttegrennd, kortreist handel, lokalisering av detaljhandel, kontakt med næringslivet, næringsrådgjeving og gründeroppfølging, integrering av arbeidsinnvandrarar og tilby næringsareal og -lokale** gjennom Eid industrihus.
- Ein plan som omhandlar tema som **strategi for å få fleire statlege arbeidsplassar og entreprenørskap.**
- Ein **interkommunal næringsplan.**

#### 4.5 Å tilbringe aktiv fritid i Eid

Eid inviterer til mangfaldig fritidstilbod for både innbyggjarar og besøkande. I kommuneplanen sin samfunnsdel er det sett følgjande mål for utvikling av Eid som ein stad å tilbringe aktiv fritid:

**MÅL:** *Kommune, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar skal samarbeide om å utvikle fritidsaktivitetar, tilpassa dei ulike livsfasane, innankultur, idrett og friluftsliv. Eldsjelene skal ha gode vilkår i Eid. Vi skal ha eit sentrum med kvalitetar og tilbod som er attraktive både for fastbuande og besøkande.*

I tabellen under er det lista opp strategiar i samfunnsdelen som må følgjast opp gjennom meir utdjupande planar for teneste, tema eller areal for å oppnå den ynskte samfunnsutviklinga og kva planar og strategiar som utdjuvar og følgjer opp desse måla og strategiane i dag.

Strategi frå samfunnsdelen	Planar som skal utdjupe og følgje opp desse måla og strategiane
----------------------------	---

5.1. Bidra til utvikling av eit levande sentrum	Tiltaksplan for gjennomføring av sentrumsanalysen, kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
5.2. Ta vare på særpreget og sentrumskjensla i Eidsgata	Tiltaksplan for gjennomføring av sentrumsanalysen, kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
5.3. Bidra til ei utvikling der bygdene er levande	Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
5.4. Vere ein katalysator for kulturarrangement	
5.5. Sikre og legge til rette for tilgang til natur- og friluftssopplevingar for allmenta	Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
5.6. Støtte opp om aktive og inkluderande fritidsaktivitetar	
5.7. Fremme positiv utvikling og dyrke fram dei gode initiativa gjennom samarbeid med "eldsjeler"	
5.8. Legge til rette for trygge kommunikasjonsårer for gåande og syklande	Kommunedelplan for veg og trafikktrygging, kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
5.9. Legge til rette for aktiv livsstil og auka friluftsliv ved å knyte saman sentrum og bustadområde med friluftsområde	Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
5.10. Legge til rette for auka bruk av strandsona og fjorden	Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
5.11. Planlegge for samordna utbygging av kaier og moloar	Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
5.12. Legge til rette for hyttebygging i sjønære område der dette ikkje kolliderer med allmenta sin bruk	Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
5.13. Legge til rette for aktiv og berekraftig bruk av naturen	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
5.14. Verne om naturressursar, kulturminne og særpreg i naturen	Kommunedelplan for kulturminne, kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
5.15. Verne om særpreget på setrane	Kommunedelplan for kulturminne, kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar
5.16. Legge til rette for hesteaktivitetar	Reguleringsplanar
5.17. Sikre friområde i sentrum	Reguleringsplanar
5.18. Planlegge for utvikling av uformelle møteplassar	Tiltaksplan for gjennomføring av sentrumsanalysen
5.19. Tilby eit variert kulturtilbod i Operahuset	
5.20. Utvikle biblioteket som ein kulturarena	
5.21. Ha eit variert kinotilbod	
5.22. Stille lokale til disposisjon for fysisk og kulturell aktivitet	

I tillegg har kommunestyret fatta enkeltvedtak om prioriterte satsingsområde som dei meiner er viktige å følgje opp for å oppnå ynskt samfunnsutvikling:

- Kommunestyret ber om at det skal utarbeidast **ein differensiert forvaltningsplan for setrane**, og at det skal vere eit prioritert tiltak i vidare arbeid med kommunedelplan for kulturminne, jf. vedtak i kommunestyret 04. juni 2016 KS-vedtak 062/15.
- I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg det inne for 2016 at det skal utarbeidast **kulturplan**, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2015, KS-sak 182/15.
- I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg **verdianalyse Eidsgata** inne som eit tiltak etter 2019, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2015, KS-sak 182/15.
- I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg utarbeiding av **strategi for tildeling av støtte til kulturarrangement** inne som eit tiltak etter 2019, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2015, KS-sak 182/15.

Basert på oversikta ovanfor kan vi sjå at det er behov for nye planar for å få ei målretta satsing innanfor følgjande område:

- Ein plan som omhandlar tema som **utvikling av eit levande sentrum**, ta i vare **særpreget og sentrumskjensla i Eidsgata**, **utvikling av levande bygder**, **katalysator for kulturarrangement**, **støtte** opp om **aktive og inkluderande fritidsaktivitetar**, **samarbeid med eldsjeler**, verne om **særpreget på setrane**, legge til rette for **hesteaktivitet**, utvikling av **uformelle møteplassar**, **varierte kulturtilbod i Operahuset**, utvikle **biblioteket som kulturarena** og stille **lokale til disposisjon** for fysisk og kulturell aktivitet.
- Ein plan for **differensiert forvaltning av setrane**.
- Ein **kulturplan**.
- Ei **verdianalyse for Eidsgata**.
- Ein **strategi for tildeling av støtte til kulturarrangement**.

#### 4.6 Eid kommune som organisasjon

Eid inviterer til ein imøtekomande kommune. I kommuneplanen sin samfunnsdel er det sett følgjande mål for utvikling av Eid kommune som organisasjon for å serve samfunnet:

**MÅL:** *Eid kommune, gjennom medarbeidarane, skal ta godt i mot og ha ein ryddig og god tone med personar som tar kontakt med kommunen. Rollene og ansvarsforholda til dei ulike avdelingane skal vere tydelege og kommuniserte både internt i organisasjonen og ut til innbyggjarane. Eid kommune skal ha stolte medarbeidarar som jobbar i ein organisasjon, er motiverte og trivast på jobb. Eid kommune skal følgje opp og gjere det vi seier vi skal gjere.*

I tabellen under er det lista opp strategiar i samfunnsdelen som må følgjast opp gjennom meir utdjupande planar for teneste, tema eller areal for å oppnå den ynskta samfunnsutviklinga og kva planar og strategiar som utdjuvar og følgjer opp desse måla og strategiane i dag.

Strategi frå samfunnsdelen	Planar som skal utdjupe og følgje opp desse måla og strategiane
6.1. Vere ein god og heilskapleg tenesteytar, forvaltar og samfunnsutviklar ved å dele kompetanse og kunnskap mellom avdelingane	Informasjons- og kommunikasjonsstrategi
6.2. Utvikle rett kompetanse og kunnskap i høve den tenesta som skal ytast gjennom systematisk opplæring og vidareutdanning av medarbeidarar i organisasjonen	
6.3. Rekruttere rett kompetanse med tanke på formål og behov i organisasjonen	
6.4. Ta i bruk eksisterande kunnskap, beste praksis og ny teknologi som andre aktørar har utvikla og vi ser som nyttig i vår organisasjon, til dømes bruke nasjonale retningslinjer	
6.5. Dele "suksess" med kvarandre	
6.6. Inngå i interkommunalt samarbeid der det er	

hensiktsmessig for å levere eit godt tilbod til innbygarane	
6.7. Oppnå mål innan tenesteyting, forvaltning og samfunnsutvikling gjennom samarbeid med andre aktørar, lokalt, regionalt og nasjonalt	
6.8. Kommunisere med innbygarane på ein formålstenleg måte ved bruk av elektroniske medium	Informasjons- og kommunikasjonsstrategi
6.9. Informere og oppdatere allmenta gjennom media, om korleis arbeidet innan ulike område går	Informasjons- og kommunikasjonsstrategi
6.10. Profilere Eid som samfunn og organisasjon i samarbeid med lokale aktørar	Informasjons- og kommunikasjonsstrategi
6.11. Sikre gode tenester ved å etablere og utvikle verktøy for kvalitetsutvikling	Arkivplan, overordna plan for sikring av personsensitive opplysingar i Nordfjordkommunane, IKT-tryggingsplan for Nordfjordkommunane, informasjons- og kommunikasjonsstrategi, digitaliseringsstrategi for Nordfjordkommunane, IKT-strategi for Nordfjordkommunane, spesialpedagogisk plan, strategiplan for minoritetsspråklege og førebyggjande handlingsplan for brann

I tillegg har kommunestyret fatta enkeltvedtak om prioriterte satsingsområde som dei meiner er viktige å følgje opp for å oppnå ynskt samfunnsutvikling:

- I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg det inne for 2016 at det skal utarbeidast **livsfaseplan**, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2015, KS-sak 182/15.
- I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg det inne for 2016 at det skal utarbeidast ein **vedlikehaldsplan for kommunale bygg**, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2015, KS-sak 182/15.

Basert på oversikta ovanfor kan vi sjå at det er behov for nye planar for å få ei målretta satsing innanfor følgjande område:

- Ein plan som omhandlar tema som å **dele suksess**, å **utvikle og rekruttere riktig kompetanse og kunnskap**, å **ta i bruk** eksisterande kunnskap, beste praksis og ny teknologi og **samarbeide med andre aktørar**.
- Ein plan som omhandlar **overordna arbeidsgjevarepolitikk**, med tema som livsfase og kompetanse.
- Ein **vedlikehaldsplan for kommunale bygg**.

## 5 Innspel til planstrategiarbeidet

Eid kommune varsla oppstart av arbeidet med planstrategi i mars 2016. Det har kome inn fleire innspel til arbeidet, både frå offentlege organ og lokale lag og organisasjonar. Under er det gjeve ei kort oppsummering av hovudelementa i dei ulike innspela til planstrategiarbeidet.

### 5.1 Innspel frå kommunale råd

Eid eldreråd, Eid råd for funksjonshemma og Eid ungdomsråd skal vere rådgjevande organ for dei politiske utvala, formannskapet og kommunestyret. Det er difor viktig at råda i arbeidet med planstrategien får høve til å seie noko om utviklingstrekka for sine interessegrupper i samfunnet. Råda vart i april 2016 orientert om planstrategiarbeidet og vart samstundes oppmoda om å gje innspel til planstrategiarbeidet. Under er det gjeve ei oppsummering av råda sine innspel til arbeidet med planstrategien.



### 5.1.1 Eid ungdomsråd

Eid som ein stad å bu:

- Eid ungdomsråd meiner at skulevegane ikkje er trygge nok. Det er for få gang- og sykkelveggar langs riksvegen og andre stadar i kommunen.
- Eid ungdomsråd meiner at kollektivtilbodet ikkje er godt nok. Det er lite kollektivtransport frå dei mindre stadene og inn til Eid sentrum, noko som gjer det vanskeleg for barn og unge som ikkje bur i sentrum å kome seg dit.
- Eid ungdomsråd meiner at tilbodet knytt til Gymmen bør aukast med fleire arrangement og konsertar. Det bør og vere enklare å leige Gymmen til festar og andre arrangement. Det bør vere meir informasjon om dette på nettsida til Operahuset. Eid ungdomsråd meiner at kulturtilbodet elles i Eid er bra.

Eid som ein stad å vekse opp:

- Eid ungdomsråd meiner at moglegheitene til medverknad er gode og at ein i større og større grad har fått ta del i arbeidet i kommunen.
- Eid ungdomsråd meiner at ein har gode kulturtilbod og mykje å tilby ungdomen i kommunen men saknar større variasjon knytt til ulike aktivitetar innan sport.
- Eid ungdomsråd meiner kommunen har gode barneskular og god ungdomsskule som vert drivne godt.

Eid som ein stad å motta sitt helse- og omsorgstilbod:

- Eid ungdomsråd meiner at omsorgs- og helsetilbodet for barn og unge bør vere meir breitt. Spesielt gjeld dette i skulane der ein òg treng å gjere tilbodet meir synleg. For rådet er det viktig med fokus på psykisk helse. Det bør vere meir tilbod og informasjon om psykisk helse i skulane. Dette bør gjelde for både elevar, lærarar og føresette.

Eid som ein stad å arbeide og drive næring:

- Eid ungdomsråd meiner at kommunen i større grad bør engasjere seg og nytte seg av «Ungt entreprenørskap» og andre organisasjonar for å auke engasjementet hjå ungdomen kring dette.

Eid som ein stad å tilbringe aktiv fritid:

- Eid ungdomsråd meiner at kommunen i større grad bør legge til rette for at barn og unge skal ha like moglegheiter. Til dømes gjennom utlån av fritids-/sportsutstyr. Kulturskulen i Eid har eit veldig godt tilbod men er dyr, dette gjer det vanskeleg for einskilde å vere med.
- Eid ungdomsråd meiner at det er veldig positivt at barn i barneskulen har eit SFO tilbod i nærleiken av der dei bur.

### 5.1.2 Eid råd menneske med nedsett funksjonsevne

Eid som ein stad å bu:

- Rådet meiner at Bustadssosialhandlingsplan ikkje er tilfredsstillande. Planen omtala mellom anna ikkje bustad for menneskjer med nedsett funksjonsevne.
- Det er behov for tidleg kartlegging av individuelt ønske/trong av bustad med reelle val på lik linje med andre, enten dei vil leige eller eige. Menneske med nedsett funksjonsevne har lovpålagt rett til å få individuelt tilrettelagt hjelp der dei bur. Det er viktig å sjå funksjonshemma som einskildindivid og ikkje som ein gruppe.

- Rådet meiner at det er mangel på egna sentrumsnære leilegheiter. Utvikling av Elvabøen – tal bueiningar, generell standard og auke av personal.
- Årsturnus/årshjulet – mange pårørande har reagert svært negativt på årsturnusen til vernepleietenesta – turnusen vert opplevd som veldig avgrensande for dei som bur der og deira pårørande.

Eid som ein stad å motta sitt helse- og omsorgstilbod:

- Rådet meiner støttekontakt jobbane må verte meir attraktive og at kommunen må jobbe aktivt for å finne egna støttekontaktar. Ein god støttekontaktordning er ofte heilt avgjerande for at dei med nedsett funksjonsevne skal kunne nytte fritidstilbod.

Eid som ein stad å arbeide og drive næring:

- Rådet meiner tilbodet til menneskjer ikkje er godt nok. Spesielt tilbodet på Langeland (LA-bygget) bør verte betre.
- Kommunen må jobbe aktivt med å få fleire ut i arbeidslivet – arbeidsarenaen er ein viktig arena for mange med nedsett funksjonsevne sidan dei ofte har lite sosialt nettverk elles. «Arbeid med bistand». Kommunen bør nytte moglegheiter i eiga organisasjon betre (t.d. grøntareal og kantina).
- Det er ikkje lenger VTA-arbeidsplassar.

Eid som ein stad å tilbringe aktiv fritid:

- Rådet meiner menneske med nedsett funksjonsevne ikkje har nok tilbod innan fritid- på lik linje med funksjonsfriske. ERF ønskjer å trekkje fram Eid symjeklubb som flinke til å leggje til rette og å inkludere.

### 5.1.3 Eid eldreråd

Eid som ein stad å bu:

- Det må bli lagt til rette for byggjefelt i alle delar av kommunen, også lettstelte omsorgsbustader.
- Det må bli spreidd busetnad.
- Kommunen må leggje til rett for at eldre kan bu heime så lenge som mogeleg.
- Det må vere fokus på og låg terskel for god kommunikasjon mellom tilsette i kommunen og alle aldersgrupper – også eldre.
- Kommunen bør leggje til rette for utlån av til dømes rullator for eldre som kjem til sentrum med offentleg transportmiddel.

Eid som ein stad å motta sitt helse- og omsorgstilbod:

- God pleie og omsorg i Eid kommune.
- Utviklingstrekk med tendens av meir overgang frå offentleg til privat/familieomsorg må ikkje gå for langt. Det er viktig med ein god balanse for ikkje å slite ut pårørande
- Det må vere fokus på at eldre ikkje er ei einsarta gruppe, men kvar einskild som har sitt eige behov.
- Kommunen/omsorgstenesta må så langt som råd syte for stabilt personale slik at eldre ikkje får ulike personar kvar gong dei får besøk i heimen. NB: Den gode praten er like viktig som reinhald.

Eid som ein stad å tilbringe aktiv fritid:

- Kommunen må arbeide for tilbod for eldre i alle delar av kommunen.
- Kommunen må vere aktiv medarbeidar for at eldre får kulturtilbod og høve til aktivitet der dei bur. Det bør vere transporttilbod for dei som ikkje har pårørande i nærleiken.
- Kommunen bør ikkje leggje alt ansvar for kulturopplevingar og fysisk aktivitet på frivillige lag og organisasjonar.

## 5.2 Innspel frå bygde-/utviklingslag

I arbeidet med planstrategien vart det sendt ut eit innspelsskjema for å legge til rette for at lokale lag og organisasjonar skulle kunne bidra med sine tankar om samfunnsutviklinga og planbehovet i Eid. Under er det gitt ei oppsummering av innspela frå dei fire bygde- og utviklingslag som nytta høvet.

### 5.2.1 Torheim grendahus

Styret i Torheim grendahus er opptatt av at kommunen bidreg til positiv utvikling av bygda. For å fremje lyst til å bruke fritid og elles vere i bygda, ynskjer dei at kommunen set i gong bulystiltak på Torheim. Konkret ynskjer styret at det vert sett fokus på miljø og ureiningssaker. Dette konkrete innspelet vert sendt vidare til Landbrukskontoret for Eid og Gloppen, som har ansvar for miljø saker.

Styret i grendahuset kom elles med konkrete innspel til utbetring av veg. Dette er innspel som bør gå vidare til kommunedelplanen for veg og trafikktrygging, som no skal leggest ut til offentleg ettersyn. Innspelet vert difor sendt vidare til driftsavdelinga som arbeider med kommunedelplanen. Styret vert oppmoda om å kome med eiga uttale til denne planen.

Når det gjeld styret sitt innspel knytt til rydding og merking av tursti vil det vere relevant i samband med ein eventuell revisjon av kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet og for tursti-prosjektet i Eid kommune. Innspelet vil bli sendt til prosjektgruppa for turstiar.

Vidare ynskjer dei hjelp til å legge til rette for hyttetomter og at kommunen gjer det enkelt å lage reguleringsplanar ved å vere på tilbodsida.

**Forslag til oppfølging i planstrategien:** samhandling med bygdeutviklingslaga bør vere tema i ny plan. For nærare drøfting sjå planstrategien kapittel 2.

### 5.2.2 Haugen og Dalen bygdeutviklingslag

Haugen og Dalen bygdeutviklingslag arrangerte eit bygdemøte som grunnlag for sine innspel til planstrategiarbeidet. Bygdeutviklingslaget er opptatt av vidare utvikling av infrastruktur som vegutbetring, fiberutbygging, gang- og sykkelveg, turstiar og anlegg, og at kommunen bidreg i dette arbeidet. Dei støttar også Harpefossen skisenter sine planar.

Når det gjeld konkrete innspel til utbetring av vegar og nye gang- og sykkelveg er det innspel som bør gå vidare til kommunedelplanen for veg og trafikktrygging, som no skal leggest ut til offentleg ettersyn. Innspelet vert difor sendt vidare til teknisk drift som arbeider med kommunedelplanen. . Bygdelaget vert oppmoda om å kome med eiga uttale til denne planen. Opplysningar om uheldig plassering av lyktestolpar vert også sendt til teknisk drift til orientering

Bygdelaget meiner at ein må jobbe vidare med fiber til bygda, gjennom å betre kapasitet og hastigheit dersom dei ikkje får tilskot til prosjektet som breibandteamet i kommunen arbeider med. Dette er eit tema som vil vere aktuelt ved revisjon av kommunedelplan for breibandutbygging.

Innspelet vert sendt vidare til kommunen sitt breibandteam, som har ansvar for oppfølging av breibandprosjekt.

Innspel knytt til opparbeiding/utbetring av tursti og utbetring ved Haugen skule og barnehage og idrettsanlegget vil vere relevant i samband med ein eventuell revisjon av kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet og vidare arbeid med Eid kommune sitt tursti-prosjekt. Innspel som omhandlar utbetring av skulegarden vil vere aktuell i samband med kommunedelplanen for oppvekst som er venta lagt ut til offentleg ettersyn hausten 2016. Bygdeutviklingslaget vert oppmoda om å kome med eiga uttale til denne planen.

Område B20 i kommuneplanen sin arealdel vert trekt fram som eit område som er godt eigna til nytt kommunalt bustadfelt.

**Forslag til oppfølging i planstrategien:** Detaljreguleringsplan for nytt bustadområde vert lagt inn i planstrategien. For nærare drøfting sjå planstrategien kapittel 2.

### 5.2.3 Hjelle krins utviklingslag

Hjelle krins utviklingslag baserer innspelet sitt på tidlegare allmøte for bygda og elektronisk kommunikasjon med bygda.

Dei meiner at den største utfordringa for utvikling i krinsen er støykarta knytt til skytebana på Firda kaserne. Dei meiner at skytebana enten må flyttast til eit eigna område eller at det må gjennomførast støyskjermande tiltak som fjernar støysonene.

Hastigheita på nettet er ei utfordring fleire stadar i krinsen, spesielt på Nes, i Heggjabygda og på strekninga Langeland-Mogrenda. Utviklingslaget ynskjer difor at det vert arbeidd med å få på plass fiber. Dette er eit tema som vil vere aktuelt ved revisjon av kommunedelplan for breibandutbygging. Innspelet vert sendt vidare til kommunen sitt breibandteam, som har ansvar for oppfølging av breibandprosjekt.

Både område B18 og B19 i kommuneplanen sin arealdel vert trekt fram som område som er godt eigna til nye kommunale bustadfelt. I tillegg har Kaspar Hjelle har kome med eige innspel om eit område nord for Stigedalsvegen som kan vere aktuelt for bustadbygging i framtida, jf kartutsnitt under:



Utviklingslaget har følgjande andre innspel til planarbeidet:

- *Ta krinsane med på råd i prosessar som omhandlar planlegging av, tildeling av midlar til, og utvikling av anlegg (idrett, kultur) i kommunen for betre ressursbruk og heilskap i utviklinga.*

- *Auke kommunen si kompetanse og ressursbruk, evt. nytte allerede eksisterande apparat, til å søke midlar til tiltak innanfor folkehelse, kultur, idrett osv. Nytt kompetanse og ressursar til å skape ekstra engasjement i krinsane og bli meir framtidsretta.*
- *Iverksette tiltak som aukar lag og organisasjonar si evne til å jobbe for inkludering og integrering.*

**Forslag til oppfølging i planstrategien:** Samhandling med bygdeutviklingslaga bør vere tema i ny plan. Detaljreguleringsplan for nytt bustadområde vert lagt inn i planstrategien. For nærare drøfting sjå planstrategien kapittel 2.

#### 5.2.4 Stårheim bygdelag

Stårheim bygdelag baserer innspelet sitt på tidlegare årsmøte der det har vore diskusjon kring viktige saker som krev oppfølging frå bygdelaget. I innspelet til planstrategi framhevar bygdelaget saker som vidare utvikling av infrastruktur som vegutbetring, gang- og sykkelveg, fiberutbygging og anlegg, og at kommunen bidreg i dette arbeidet.

Dei er opptatt av trafikktrygging og at dei får vere med i dialog med kommunen og fylkeskommunen om tryggingstiltak. Bygdelaget peikar og på behovet for fleire parkeringsplassar i Stårheim sentrum. Desse innspela bør gå vidare til kommunedelplanen for veg og trafikktrygging, som no skal leggest ut til offentleg ettersyn. Innspelet vert difor sendt vidare til driftsavdelinga som arbeider med kommunedelplanen. Bygdelaget vert oppmoda om å kome med eiga uttale til denne planen.

Bygdelaget meiner at kommunen bør vere meir konkrete på korleis fiber kan bli tilgjengeleg for bygdene i framtida. Vidare meiner dei at kommunen, saman med bygdene også bør sikre at det vert god mobildekning dei fleste plassar i kommunen. Dette er eit tema som vil vere aktuelt ved revisjon av kommunedelplan for breibandutbygging. Innspelet vert sendt vidare til kommunen sitt breibandteam, som har ansvar for oppfølging av breibandprosjekt.

Stårheim skule og Stårheim barnehage er viktige institusjonar i bygda, og bygdelaget meiner difor at desse har behov for gode vilkår og tilstrekkeleg med ressursar for framtidsretta utvikling. Det er behov for opprusting av uteområdet/grusplassen sør for skulen. Dersom innspel handlar om utbetring av skulegarden vil dei vere aktuell samband med kommunedelplanen for oppvekst som er venta lagt ut til offentleg ettersyn hausten 2016.

Stårheim krins vil arbeide med oppgradering av anlegget, Stårheim stadion. Dei meiner og at kommunen bør legge til rette for auka bruk av naturen; naturmøteplassar, merking av turstiar, universell utforming av turstiar m.m. og arbeide for etablering av offentleg badeplass i krinsen. Dette vil vere relevant i samband med ein eventuell revisjon av kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet.

Bygdelaget trekker fram området vest for eksisterande bustadfelt på Myroid som eit godt eigna område til nytt kommunalt bustadfelt. I samband med regulering av ny gang- og sykkelveg langs Rv15, meiner dei at kommunen på sikt bør vurdere å opne for nye bustadfelt i nye delar av krinsen, t.d. Hafsås.

**Forslag til oppfølging i planstrategien:** Samhandling med bygdeutviklingslaga bør vere tema i ny plan. For nærare drøfting sjå planstrategien kapittel 2.

### 5.3 Innspel frå andre lokale aktørar

I arbeidet med planstrategien vart det sendt ut eit innspelsskjema for å legge til rette for at lokale lag og organisasjonar skulle kunne bidra med sine tankar om samfunnsutviklinga og planbehovet i Eid kommune. Under er det gitt ei oppsummering av innspel frå andre lokale aktørar.

#### 5.3.1 Naturvernforbundet i Eid

Naturvernforbundet trekker fram at Eid har gode kvalitetar knytt til natur, friluftsliv, kulturminner og kulturlandskap. Dei er opptekne av at det vert lagt best mogeleg til rette for at innbyggjarane skal kunne bruke og nyte desse kvalitetane utan at det vert gjort irreversible inngrep i naturen.

Naturvernforbundet har fleire konkrete forslag til korleis formidling av kulturminne kan skje. Dette er innspel som er aktuelle i samband med kommunedelplan for kulturminne som er venta lagt ut til offentleg ettersyn hausten 2016. Naturvernforbundet vert oppmoda om å kome med eiga uttale til denne planen.

Ynskjer at kommunen på litt lenger sikt utarbeider ein grøn plan som omfattar natur, landskap og friluftsliv. Denne planen bør både ha ein arealdel og ein handlingsdel. T.d. kan nærmiljøet rundt skular bli regulert til friområde med formål undervisning, og ein kan unngå privatisering av strandlinja i sentrumsnæreområde for å sikre fri tilgang på friluftsliv og rekreasjon ved/på sjøen.

Naturvernforbundet ser det som viktig at nye utbyggingsplanar ikkje kjem i konflikt med målsettingane i naturmangfaldslova. Ber om at det vert teke særleg omsyn til elevosen ved Eidselva og at ein hindrar inngrep i dette området, med bakgrunn i at dette brakkvassområdet er særleg viktig for naturmangfaldet både på land og i sjø. Forbundet meiner vidare at Eid kommune, for å auke bruken av fiskevatna og naturen rundt desse, må arbeide for å få eit felles fiskekort for alle fiskevatna i kommunen utanom Hornindalsvatnet. Det bør også utarbeidast eit kart over vatna, med informasjon om kvart enkelt vatn, fisketypar og bestand.

Forbundet saknar ein diskusjon om å verne resten av furuskogen i Eid, som er ein del av den nordlegaste samanhengande furuskogen i verda. Meiner det må vere kommunen sitt ansvar å ta vare på denne unike naturtypen. I området ved Bjørlovatnet er det restar av svært gamal og spesiell furuskog som bør vernast. Innspelet bør takast vidare til Landbrukskontoret for Eid og Gloppen, som har ansvar for fagområda skog og nydyrking.

Gjennom arealplanlegginga må det leggjast til rette for gode tilhøve til å drive med friluftsliv nær bustadområde.

Sikring av viktige friluftsområde med vurdering av behov for statleg sikring av desse må greiast ut og Hundremeterskogen må bli eit klasserom der barna kan vise naturglede.

Saknar nokon som tek vare på det biologiske mangfaldet i Eid.

**Forslag til oppfølging i planstrategien:** Friluftsliv bør vere tema i ny plan. For nærare drøfting sjå planstrategien kapittel 2.

#### 5.3.2 Eid frivilligsentral

Eid frivilligsentral peikar på at Eid har eit rikt frivillig organisasjonsliv og ein unik dugnadskultur, og at kommunen dermed treng ei frivilligpolitisk plattform. KS har utforma ein rettleiar og

informasjonsmateriell om korleis ein kan skape ein god frivillig politikk. Dette kan vere eit dokument som:

- bevisstgjer kommunen på frivillig arbeid sin eigenart.
- seier noko om korleis kommunen kan legge til rette for at frivillig arbeid og dugnadskulturen får best mulig vilkår og grobotn.
- seier noko om korleis frivillige og kommunen kan samarbeide om tiltak og aktivitetar.

Eid frivilligsentral meiner det er eit stort behov for å få på plass Eid kommune sin frivilligpolitikk ganske snart.

**Forslag til oppfølging i planstrategien:** Frivilligpolitikk bør vere tema i ny plan. For nærare drøfting sjå planstrategien kapittel 2.

## 5.4 Innspel frå offentlege organ

I arbeidet med planstrategi skal kommunen hente inn synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar. Kommunen oppmoda desse om å kome med innspel i samband med at oppstart av planstrategiarbeidet vart varsla. Under er det gitt ei oppsummering av innspel frå dei fire offentleg organa som kom med innspel.

### 5.4.1 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen forventar at dei nasjonale forventingane vert lagt til grunn for kommunane sitt arbeid med kommunale planstrategiar og planar.

Innanfor temaet *natur og miljø* meiner fylkesmannen at det er viktig å konkretisere dei viktigaste miljøutfordringane og å synleggjere kommunen sine langsiktige og overordna utviklings- og utbyggingsstrategiar. Vidare rår dei til å konkretisere ulike tema innan miljø og samfunn som skal ha særskilt fokus i planlegginga framover.

Når det gjeld temaet *samfunnstryggleik og beredskap* vert kommunen rådd til å vurdere analyse- og planbehov, og synleggjere korleis kommunen vil følge opp krava til kommunal beredskapsplikt i perioden. Ny kunnskap, t.d. frå den heilskaplege ROS-analysen skal ligge til grunn ved vurdering av behovet for revisjon av eksisterande planar.

Det er forventa at klimaendringar vil påverke samfunnet på svært mange måtar, fylkesmannen peikar på at kommunen har ei svært sentral rolle i arbeidet med å tilpasse lokalsamfunnet til eit klima i endring og redusere klimagassutslepp. Innafor temaet *klimatilpassing og utsleppsreduksjon* rår difor fylkesmannen til at kommunen skaffar kunnskap om kva utfordringar ein kan forvente lokalt og på dette grunnlaget fastset mål og strategiar for å tilpasse samfunnet på ein hensiktsmessig måte. Kommunen bør legge vekt på å integrere klimaomsyn i alle planar og prosessar der det kan vere relevant.

Fylkesmannen forventar at kommunen legg til rette for involvering av frivillig sektor i arbeidet med å integrere eit aukande tal flyktningar på ein god måte. Vidare oppmodar dei kommunen til å vurdere om moglegheitene og utfordringane på *asyl- og flyktningområdet* utløyser behov for planlegging.

Når det gjeld temaet *folkehelse* oppmodar fylkesmannen om at kommunen i planstrategien legg vekt på folkehelsearbeidet i kommunen, særleg når det gjeld integrering av innvandrarar. Vidare ber dei

kommunen om å vurdere korleis folkehelsearbeidet skal planleggast for best måloppnåing; t.d. gjennom eigen plan eller integrert i andre planar.

Innanfor temaet *landbruk* trekk fylkesmannen fram at dersom kommunen sine utbyggings- og arealbehov kan vere konfliktfylte i høve jordvern og landbruksinteresser, bør dette omtalast og drøftast i planstrategien.

Innspela til fylkesmannen vil bli følgd opp ved vurderinga av kommunen sine utfordringar. Berekraftigutvikling og folkehelse er tema som vi i Eid legg vekt på å integrere i alt planverk, jf. kommuneplanen sin samfunnsdel.

#### **5.4.2 Fiskeridirektoratet region Vest**

Fiskeridirektoratet meiner det er viktig å inkludere kystsona og marin sektor i arbeidet med planstrategi, slik at ein får klare rammer for arealbruk, utvikling og næringsverksemd, noko som er avgjerande for vidare utvikling av fiskeri- og havbruksnæringa.

I samband med kartleggingar har det blitt registrert nye område marint biologisk mangfald, fiskeridirektoratet meiner at kommunen kan vurdere å revidere delar av kommuneplanen for å legge inn desse områda med omsynssone naturmiljø. Vidare kan kommunen vurdere å endre føresegn for arealformål fiske, som pr. i dag har ein noko sjølvmotseiande ordlyd. Fiskeridirektoratet foreslår ny ordlyd i føresegna: *"I område sett av til Fiske er det ikkje tillate med tiltak som hindrar utøving av fiske. Ved søknad om regulering av sjøområde og tiltak i sjø skal Fiskeridirektoratet region Vest høyrast."*

I høyringsuttalen til direktoratet går det fram at innspela dei sendte inn i samband med rulleringa av arealdelen i 2015 i stor grad vart etterkomne. Arealdelen er heilt ny og vi ser ikkje grunnlag for å tilrå rullering av denne no for å endre ordlyden i føresegna for område avsett til fiske.

#### **5.4.3 Statens vegvesen**

Statens vegvesen har ingen innspel til planstrategien.

#### **5.4.4 Norges vassdrags- og energidirektorat**

Norges vassdrags- og energidirektorat har ingen innspel til planstrategien.

### **5.5 Interne innspel**

Leiinga i kommunen har bidrege med innspel til planstrategiarbeidet gjennom deltaking på arbeidsverkstadar og med direkte dialog med innspel til prosjektgruppa. Planstrategien er utarbeidd i samarbeid mellom prosjektgruppa og leiinga og dei interne innspela er i stor grad teke med i planstrategien.